

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Hedmark. *Stavanger  
etc.*

Tilleggsspørsmål nr.

Herad:

Emne: Ting til legedom og vern  
mot sykdom

Bygdelag:

Oppskr. av: Johannes Lid

Gard:

(adresse): Botanisk Museum, Oslo.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Sjå nedafor.

## SVAR

14. Maria Bryne (f. ca 1922, datter av Thoralf Bryne i Stavanger) fortel at ho i Stavanger fleire gonger har sett eldre menn gå med ein fin, tynn gullring i det eine øyre. Første gongen, det kunne vera ikring 1930, gjekk ho og fortalde mora det ho hadde sett, og mora (Anna Bryne, f. Vatne) sa då at mannfolk brukte slike ringar for å beskytta augene. Siste gongen ho hadde sett slikt, var under krigen.

20. Då kona mi (Dagny Tande Lid) sommaren 1942 budde på Solbakken pensjonat i Veldre, var det ei eldre dame der som gjekk med ei rå potet i gasbind bunde bak kneet på den eine foten. Det skulle hjelpa mot gikt, og poteta skulle liggja der til den turka heilt ihop.

Nancy Mortensen i Stavanger (f. 1898) fekk raudkanta auger i oppveksten, og doktaren visste ikkje noko råd mot det. Då Nancy var 14-15 år kom foreldra hennar på at ho skulle få seg eit ravkjede til å bera om halsen, til hjelp mot denne augesjukken. Nancy gjekk med dette ravkjedet eit års tid, men det hjelpte ikkje det grann. Hjelp fekk ho først då ho kom til ein skikkeleg doktor. (Fortalt av søstera, diakonisse Tora Mortensen i Oslo.)

Å bera nøtter av hestekastanje i lomma mot gikt har eg høyrte om frå fleire kantar, det er visst nokså venleg. Bror min bar hestekastanjer i lø baklomma mot gikt i 1930-åra. Det er også kjent i Stavanger.

21. Dagny Fosse Lid (f. 1892) fortel at ikring 1900 var det skikk på Sørlandet, mellom anna i Austre Moland, at dei skulle gni seg i auga med gullringen når dei fekk stig på auga.

I Øyestad (fortel same kjelde) var det ikring 1900 og 1910 skikk at dei skov sevja av selja og kokte ein graut til å ha på verkefinger.

Ingerid Hølland (f. 1912 i Sauda) fortel at då ho var liten hadde ho så mykje vorter på hendene. Ho fekk då det råd å gni vortene med eit fleskestykke, og stikka eit hol i det for kvar vorte, og så grava flesket ned i jorda. Når flesket var rotta, skulle vortene vera borte. ~~Kor~~ Ho brukte denne råda, og kor det var eller ikkje var, vortene vart ho no kvitt til slutt.

Dette og andre råder mot vorter (å mana dei inn i eit hol i eit tre etc) er elles velkjend overalt.

11262

*Johannes Lid*